

TEMA: Samferdsle ①76

KART: ④441

## Ygre

## YGRE STASJON

**YGRE STASJON ligg litt bortgøymd til for vegfarande, like nedom vegen Vossevungen-Mjølfjell. Stasjonsbygningen på Ygre vart reist på Nesttun stasjon i 1879–80. Dei aller fleste stasjonsbygningane på Vossebanen var like. Arkitekten var BALTHAZAR LANGE og typen heitte mellomstasjon klasse 4. Stilen er sveitserstil, som moten kravde.**

**Y**gre er den einaste av dei gamle vossebanestasjonane som har takutbygget intakt. Frå dette kunne ferdafolket gå tørrskodde på toget, plattformkanten låg nær takutbygget.

I 1904 vart det bygt heilt ny stasjonsbygning på Nesttun (riven i 1981), medan den gamle vart flytta til Ygre. Første tida på Vossebanen hyste ein slik stasjonsbygning alt. Nede var kontor, venterom, godshus og do. Oppå budde stasjonsmeisteren med kone og born.

Den mest opphavlege vossebanestasjonen ligg altså no på Bergensbanen. Uthuset på Ygre er jamgammalt med Bergensbanen. Jernbanearkitekt no var DUE. URDLAND, stasjonen utom Ygre, er eit fint dømme på «Bergensbanestilen». Begge stasjonane er måla på gamle måten, i fleire fargar som framhevar det fine listverket.

Stasjonsanlegget på Ygre er vedtaksfreda av Riksantikvaren. □



Urland stasjon.



## VOSSEBANEN

VOSSEBANEN vart vedteken bygd i 1875 og opna i 1883. Anleggsarbeidet var vanskelig og farleg, særleg langs Sørfjorden, Bolstadfjorden og Evangervatnet. Mange stader rodde arbeidarane til arbeidsstaden, som frå Tysso på hi sida av Bolstadfjorden. Dei budde mykje på gardane langs traséen. Ein del var svenske «rallarar».

Skikkeleg handverk er å sjå i alle dei mura kvelvingane over linja. Dei vart mura mellom 1918 og 1932, for å verna mot stein og jøklar. Skredfaren gjorde at det første tida vintersdag berre gjekk eitt tog kvar veg heilt til Vöss. Då kunne dei køyra farlegaste stykket mellom Trengereid og Evanger i dagslys.

På Vöss førte jernbanen til ei heil omskaping av næringsgrunnlaget i bygda. No kunne taksiferen sendast utom bygda. Tøm-

meret kunne skjerast til plankar og bord. Før laut det fløyttast ut på elva som rundtømmer. Mjolk kunne seljast til Bergen. Eksismoar og skular vart lagde til Vöss, og Vangen voks fram som handelssentrum. Før hadde mest alle vossingar arbeidt i jordbruket, no kom andre næringar til.


Bulken stasjon i 1880-åra.



## «DANSARANE» PÅ SLEDASTEINEN

SLEDASTEINEN er ei stor steinblokk som ligg mellom Tverberg og Skjerve. Her forbi gjekk den gamle saltvegen til Raundalen, og folket på Tverberg brukte å setja frå seg sledane sine her. Men denne steinblokka gøymmer på større løyndomar enn gamle sledar. Delar av overflata er oversådd av innhogne figurar, mest menneske, men og båtar og ringfigurar. Her er mogleg også eit dyr og nokre tre.

Menneskefigurane er framstilte med utstrekke armar og sprikjande bein. Kva meininga med dette skal vera, veit vi ikkje. Dansar dei? Eller freistar dei jaga einkvan bort? Og steinen gjev ikkje svar. I alle høve – eit merkeleg kulturminne er det.



Mykje tyder på at figurane på Sledasteinen kan daterast til tida ved overgangen mellom bronsealderen og jernalderen, kring 500 år f.Kr.